



DEN NORSKE KYRKJA

Dovre kyrkjelege råd

Høyringsuttale til "Vedlikehold av krigsgraver i Norge"

Dovre kyrkjelege råd takkar for høvet til å uttale seg om høyringsnotatet og uttaler seg på vegne av Dombås sokn og Dovre sokn. Uttalen er handsama og vedtatt i DKR 11. november. Vi vil likevel få nemne at dette er fjerde høyringa som kyrkjeleg fellesråd får på $\frac{1}{2}$ år og med så korte frister som departementa praktiserer, er det ein fare for manglande demokratisk handsaming av lovendringar.

Forskrifta sitt verkeområde:

Vi har tidlegare påpeikt forskjellsbehandling mellom utanlandske og norske soldater som er gravlagt i Norge og er skuffa over at dette ikkje blir retta opp i forskriften, men vidareført. Medan utanlandske krigsgraver er verna til evig tid og utan festeavgift, må etterlatte etter norske soldater betale festeavgift og festeavtala kan seiast opp etter 60 år. Praksis og gravplassvedtekter vedrørande forlengelse av gravfeste etter 60 år er ulik og mange krigsgraver etter norske soldatar er eller vil bli sletta.

Ansvarshøve:

Vi meiner at departementet bør stå som festar av krigsgraver, og at utøving av dette ansvaret kan avtalast overtatt av lokal gravplassforvaltning mot dekning av alle utgifter. Vi meiner forskriften ikkje har klarlagt kven som har ansvar for t.d. sikring av gravminnet og dekning av slike utgifter. I merknad til forskriften står det at lokal gravplassforvaltning har plikt til å følge med og varsle om behov for reparasjoner m.m. Det bør også avklarast kva det innebær og kva som er konsekvensar om varsling ikkje vert gjort.

Økonomi:

Forslaget til tilskudd er basert på faktura for stell dei seinare åra, og det er store variasjoner i dei satser som kyrkjeleg fellesråd har vedtatt. Ved å dele foreslått tilskudd på antall støtter, varierer dette fra ca 750 – 2000 kroner berre i Oppland. Det bør fastsettast satser for dei ulike gravstøttene og gjevast årleg tilskudd til samtlige gravplassforvaltningar uavhengig av tilskuddstørrelse.

Myndigheita gje forskrifter om at det ikkje kan krevast festeavgift for krigsgraver og at krigsgraver er gjeve varig vern. Det betyr båndlagt areal og tap av inntekter for kyrkjeleg fellesråd, og dette bør kompenseras av myndigheita. Det foreligg satser for kva det kostar å opparbeide ei grav og kva vedlikehald og drift av gravplassar kostar pr. grav. Vi meiner at slik utgiftsdekning også må ligge inne i tilskuddsordninga.

Det må også avklarast kven som dekker utgiftene ved evt. ny gravlegging (§3).

Steinar Botheim
rådsleder